

Låvebru falt ned - mann døde

ULYKKE. En 72 år gammel mann døde av skadene han fikk etter at en låvebru av betong falt sammen i Nærøy i Nord-Trøndelag. Det var to menn som jobbet med brua da den falt sammen tirsdag. Den andre mannen ble sendt til sykehuset

i Namsos med mistanke om mulig brudd i et bein. Han skal også være sterkt preget av hendelsen.

– Dette er en meget alvorlig sak, sier operasjonsleder Dag Hjulstad i Nord-Trøndelag politidistrikt til NTB. Politiet skal etterforske ulykken. ©NTB

FOTO: NTB SCANPIX



Får ikke eie oljeaksjer

OLJE. Ansatte i Oljedirektoratet (OD) får heretter ikke eie eller handle med aksjer i selskaper som er rettighetshavere på norsk sokkel. Det er klart etter at direktoratet har revidert retningslinjene for ansatte.

– Det skal ikke være tvil om ODs uavhengighet. For å bevare og styrke dette innføres et forbud for ansatte om å eie og handle med aksjer og verdipapirer i visse typer selskaper, opplyser OD.

I vår ble det kjent at ansatte i OD eide Statoil-aksjer for flere millioner kroner. ©NTB

DAGLEGVAREHANDEL

Et lite rasjonelt spel. Det er karakteristikken forskar Ivar Pettersen bruker på diskusjonen mellom Coop og Nortura.

Systemet må endre seg

– Alle visste det måtte bli uro som fylgje av at Coop og Ica slo seg saman.

Det seier forskar Ivar Pettersen ved Norsk institutt for bioøkonomisk forsaking (NIBio).

I mars fekk Coop godkjenning frå Konkurransetilsynet til å kjøpe opp Ica Norge. Coop vart samstundes pålagt å selje 93 butikkar til Norgesgruppen og Bunnpris, og Rema 1000 har kjøpt opp vel 20-tals butikkar. I tillegg har Coop lagt ned fleire butikkar.

I mai kom meldinga om at Den stolte hane hadde vorte hovudleverandør av ferskt kyllingkjøtt til alle Coop-butikkane. Selskapet tok slik over ein avtale Nortura hadde hatt med dei tidlegare Ica-butikkane. Nortura uttala at selskapet var skuffa over at Coop valde veikt Nortura som leverandør av kvitt kjøtt.

Onsdag skreiv Nasjonen at det var Nortura sjølv som sa opp avtalen selskapet hadde med dei tidlegare Ica-butikkane Coop hadde kjøpt opp.

– Lite rasjonelt spel

Medan Nortura seier selskapet aldri var invitert til forhandlingsbordet, seier Coop at Nortura var den einaste av dei tidlegare Ica-leverandørane som sa opp sin avtale.

– Den argumentasjonen me ser no vitnar om eit lite rasjonelt spel, og argumentasjonen er til dels forvirrande. Ein kan ikkje argumentere for at eit jordbruks-samvirke skal bli tilgodesett av

eit forbrukarsamvirke. Då har forbrukarsamvirket slutta å ta omsyn til forbrukarane sine, seier Pettersen.

Han kallar det eit spel som vert karirasjonelt og tilsjrande.

– Det som er enda meir alvorleg er at det vitnar om eit avtale-system og eit kontraktssystem der begge partar har stor innverknad, og der kontraktar kan bli avgjort over natta. Det skapar usikkerheit i helle verdikjeda, seier Pettersen.

Må endre systemet

Pettersen seier det ikkje er fyrste gongen det skjer kappe endringar i fjorfermarknaden.

– I den norske marknaden har du kontraktar som kanskje utløpar 31. desember. Erfaring frå tidlegare synar at du kan stije til ti på tolv på kvelden og bestemme endringar som skaper store konsekvensar for industriedet. Slik er forhandlingsystemet, seier Pettersen.

Han meiner systemet er nøyd til å endre seg.

– Me kan ikkje ha denne type

IKKJE MOGLEG

«Ein kan ikkje argumentere for at eit jordbruksamvirke skal bli tilgodesett av eit forbrukarsamvirke.»

IVAR PETERSEN
FORSKAR VED NIBIO

relasjonar om me skal sjå at det blir bygd tillit, forbrukarloyalitet og gode merkevarer på lang sikt, seier Pettersen.

Hindrar utvikling

Itjylje Pettersen hindrar dette systemet utvikling av måtar å forvalte matressursane på.

– Det er negativt for alle partar. Bondene, forbrukarane, handelen og industrien. Me treng andre matar å handtere matvarer på enn dei som skaffar rundt på varer og verdikjeder i løpet av nokre minutt. Dette handlar om langsigtig verdiskaping, seier Pettersen.

Han seier bondene må organisere seg betre.

– Kyllingbondene hadde tidlegare marknadsregulering, og har ikkje klart å erstatte dette med ein annan type samhandling. Då blir det bonde mot bonde. Innanfor frukt og grønt har produsentane klart å organisere seg, men det vertkar ikkje som at kyllingbondene har eit realitetsorientert samarbeid, seier Pettersen.

Nibio held på med undersøkingar om haldningar i verdikjeda, og Pettersen trur det er mykje som på sikt talar for at det blir andre relasjonar mellom kjeder og industriaktørar.

– Det som blir kommunisert vitnar om at den tanken er svært umoden, både i Coop og Nortura, seier han.

HILDE LYSSENGEN HAVRO
hilde.havro@nasjonen.no

Fakta

Coop-Nortura-saka

- * I mars fekk Coop godkjenning for å kjøpe opp Ica Norge.
- * I løpet av våren var Coop i samtalar med Ica sine tidlegare leverandørar om overføring og framtidige avtalar i Coop.
- * Nortura leverte mellom anna fersk kylling, filet, lår og vingar til Ica-butikkane.
- * 26. mai la Nortura ut melding på heimesidene sine, der selskapet var skuffa over at Coop valde veikt Nortura som leverandør av kvitt kjøtt.

Kyllingmarknaden

- * Kyllingproduksjonen samla er så langt i år ned 15%.
- * Mange kyllinghus må stå tomme, noko som i snitt gir 250.000 kr i inntektssvikt per årsverk.

Det er tre store leverandørar av fjørfekjøtt i Noreg:

- * Bondesamvirket Nortura, som er hovudleverandør til Norgesgruppen.
- * Den stolte hane, som er eigd av den skandinaviske fjørfeselskapet Scandi Standard, som er hovudleverandør til Coop.
- * Norsk Kylling, som er eigd av og er hovudleverandør til Rema 1000.
- * Etter å ha fått kontrakt også for levering til dei tidlegare Ica-butikkane, aukar Den stolte hane sitt behov for kyllingkjøtt.
- * Selskapet kjøper per i dag inn kyllingkjøtt frå Nortura, samstundes som dei har planar om å bygge nye kyllinghus på sikt.
- * I motsetning til for dei fleste andre kjøttslag er det ikkje lenge marknadsregulering eller motraksplikt på kylling.
- * Eit regjeringsopnemnd utval foreslår endringar for dei produksjonane som i dag har marknadsregulering.

Betere organisering: Kyllingbondene bør organisere seg betre, seier Forskar Ivar

– Blir Coop-medlem

Om Coop har rett, er Anna Ceseile Brustad Moe klar til å bestille seg nytt kort.

Det skapa store bølger i landbruksmiljøa då det i vår vart kjend at Nortura ikkje skulle levere kyllingkjøtt til Coop. Ei av dei som reagerte var Anna Ceseile Brustad Moe, som for øvrig er gift med kyllingbonde Ola Borten Moe.

I protest mot Coop klypte Brustad Moe over Coop-kortet sitt. På Facebook la ho ut eit bilete av eit Coop-kort som var klypt i to,

med teksten «Da er medlemskort mitt i Coop klipp i to, og kunde forholdet avsluttet».

– Coop gjekk for langt

Til Trønder-Avisa sa Brustad Moe at Coop ikkje er for bondene. – Dette er ikkje retta mot Den stolte hane – desto fleire, desto betre – men å seia opp samvirket, då går dei for langt, så ho til avisa.

– Om eg klarar det skal eg ikkje handle hos Coop. Men det er veldig mange Coop-butikkar. Det er jo ikkje slik at Rema eller Norges-

Svakere resultat for Nordea


BANK. Den nordiske storbanken Nordea leverte et driftsresultat på 1,03 milliarder euro i tredje kvartal. Det er 93 millioner euro lavere enn i samme periode i fjor.

– Sveriges vekst er fortsatt blant de raskeste i Europa, men Finland sliter med å komme til-

bake til økonomisk vekst. Norge opplever en tregere økonomi, særlig innen offshore, mens boligprisene er oppe på samme nivå som før krisen i Danmark.

Oppsummerer administrerende direktør Christian Clausen. ©NTB

FOTO: NTB SCANPIX



Pågrepelser i transportbransjen

KRIPOS. En rekke personer ble pågrepet da politiet slo til mot et kriminellet nettverk knyttet til transport- og renholdsbransjen i Oslo-området.

– Dette er en omfattende aksjon med over 200 tjenestepersoner involvert, sier Kripos-sjef

til Haukaas. Kripos samarbeider med Økokrim, flere politidistrikter og kontrollater som skatteetaten og Nav. Storaksjonen er ifølge Haukaas rettet mot et miljø som politiet mener over tid har drevet med økonomisk kriminalitet. ©NTB



FOTO: KETIL BLOM HAUGSTULEN

Pettersen ved Nibio.

m att om Coop har rett

gruppen har heilt reint mjølk dei heller, sa ho.

Onsdag skreiv Nasjonen at det var Nortura sjølv som sa opp avtalen. Nortura seier det var ein konsekvens av at føresetnadene for Nortura sin tidlegare avtale med Ica forsvann då Coop kjøpte opp 400 Ica-butikkar. Coop sa til Nasjonen at Nortura var den einaste av dei tidlegare Ica-leverandørane som sa opp sin avtalen.

My Coop-kunde?

På spørsmål frå Nasjonen om kva Brustad Moe tenkjer om at det



ATTENDE TIL COOP?
«Jeg bestiller nytt Coop-kort, om dette er tilfelle.»

ANNA CESELE BRUSTAD MOE
TIDLEGARE COOP-MEDLEM

var Nortura som sa opp avtalen, skriv ho følgjande i ein sms:

– Om det er tilfelle at Nortura har sviktet sine egne bønder gjennom dårlig forhandlingshåndverk og mistet avsetning verdt

250 millioner kroner, så oppfordrer jeg medlemmene i Nortura til å løfte denne saken i eget samvirke.

– Jeg bestiller nytt Coop-kort, om dette er tilfelle, skriv ho.

SKOGINDUSTRI
Tre kaianlegg langs norskekysten får til saman 22,2 millioner kroner for å betre utskipinga av tømmer.

Det er Eikefjord tømmerkai i Flora kommune i Sogn og Fjordane, Surnadal Havn i Møre og Romsdal og Finnsnes Regionhavn i Lenvik kommune i Troms som får pengar i denne omgang.

– Tilskota sikrar nærings effektiv og lønnsam transport av tømmer ut til marknaden. Dei tre kaiene har store dekningsområde der betydelege mengder tømmer blir hogstmonde i åra framover, seier seksjonssjef Per Guldbrand Solli i Landbruksdirektoratet.

Direktoratet fekk i alt tolv

søknadar om oppgradering av kaianlegg. Sidan 2012 har direktoratet gitt tilskot til tretten anlegg.

Landbruksminister Sylvi Listhaug seier den omfattande skogreisninga på 1950- og 1960-talet gjer at svært mykje skog skal hoggast langs kysten i åra som kjem.

– Dette gir moglegheiter for stor verdiskaping og mange nye arbeidsplassar. Særskilt tømmerkaiar gir gode moglegheiter for å få seld tømmer både nasjonalt og internasjonalt, seier Listhaug.

Sjøtransport er billigare, samstundes som det sparar vegane for mange lastebillass med tømmer. ©NPK



Tolv søknadar: Landbruksdirektoratet fekk i alt tolv søknadar om oppgradering av kaianlegg. Sidan 2012 har direktoratet gitt tilskot til tretten anlegg. FOTO: COLOURBOX

22 millioner til tømmerkaiar

Får si sitt om samanslåing

KOMMUNEREFORM

Nær 4.000 innbyggjarar i ti kommunar i Sogn og Fjordane får kome med sitt syn på framtidaige kommunestrukturar.

Det er Opinion som skal gjennomføre undersøkinga i form av telefonintervju med 3.850 innbyggjarar i kommunane Førde, Flora, Naustdal, Jølster, Gaular, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gloppen, fortel Firda. Kommuneane har utarbeidd fire forskjellige modellar for kommunereform, men nokre av kommunane har også jobba med andre alternativ parallelt.

Deltakarane blir spurde om generelle synspunkt på kommunereforma, men òg om kva kommunar dei kan tenkje seg å gå saman med om samanslåing blir vedteke. Resultatet skal sanlast i ein rapport som blir lagt fram i eit felles formannskapsmøte 6. november.

– Her vil det bli diskutert om ein har fått dei svara ein treng, eller om det også må gjenomførast rådgjevande folkerøysing. Vêka etter blir det gjenomført folkemøte i alle kommunane, og deretter skal kommunestyra ta stilling til folkerøysing. Den blir i så fall i februar, seier prosjektleiar Øystein Hørvik til Firda. ©NPK